

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015

Alf Helge Greaker hadde sendt inn spørsmål knytt til saka. Fylkesordføraren sitt svar på spørsmåla ligg under PS 254/15 Ymse i møteprotokollen.

Alf Helge Greaker sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Tillegg til vedtak i nytt punkt:

Fylkesutvalet ber om å få sak om prinsipielle retningsliner om finansiering av vegprosjektselskap."

Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Greaker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet syner til søknaden frå Hardangerviddatunnelene AS frå 3. juni 2015 om støtte til kjøp av to utgreiingar. Det er viktig å få dokumentert ringverknader og nytte av Rv7 over Hardangervidda. Fylkesutvalet løyver kr. 300 000 i prosjektstøtte, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.
2. Fylkesutvalet vil understreka at det er Hardangerviddatunnelen AS som er ansvarleg for tematikk og tinginga av utgreiingane. Hordaland fylkeskommune heftar ikkje for innkjøpet og resultatata frå dette utgreiingsarbeidet.
3. Fylkesutvalet ber om å få sak om prinsipielle retningsliner om finansiering av vegprosjektselskap.